



Kundene i SPAR Uskedalen er mellom anna svært fornøgte med utvalet av frukt og grønt, men høgast scorar butikken på hyggjeleg og serviceinnstilt betjening. Her er daglig leiar Bente Nilsen saman med Frøydis Nilsen, Marta Kjersti Viken og Kari Ljosnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kundene til SPAR Uskedalen er så fornøgte med butikken sin at dei stemte han heilt til topps både på Vestlandet og i landet under ei kundeundersøking i dagene frå 19. til 21. mars.

Butikken vår nådde opp i eit gjennomsnitt på 5,18 medan seks var toppscore. Dermed låg den klart foran det som var snittscore blant Spar-butikkane både på Vestlandet og på landsbasis på samtlige 13 spørsmål som vart stilt. Det er 70 SPAR-butikkar på Vestlandet.

- Vi er sjølvsagt svært glade for dette resultatet, men vi lener oss ikkje tilbake og kviler på laurbæra. Vi tek resultatet som ein inspirasjon til å løfta oss enda ei hakk. Undersøkinga har gjeve oss ein peikepinn om at vi kan bli betre både her og der, seier dagleg leiar Bente Nilsen til uskedalen.no. Ho vil ha fram at resultatet framfor alt må tilskrivast innsatsen til dei ansatte, men innrømmer under press at det kanskje også har noko med leiarskap å gjera.....

Resultatet av undersøkinga vart presentert under ei testvaresamling på Gardermoen 23. og 24. april. Der hadde dei to uskedalingane som møtte fram stor pågang av kolleger som ville veta korleis det var mogeleg å nå så høgt!

Undersøkinga omfatta 92 970 kunder på landsbasis og dei som vart spurte var trukke ut av TRUMF-databasen. Svarprosenten var 29.

Av kundane til SPAR Uskedalen som vart spurte svara 30 – det var ein svarprosent på 20.

Det er første gong SPAR har hatt ei så omfattande kundeundersøking.

Aller mest tilfreds er uskedalingane med at betjeningen er hyggjeleg og serviceinnstilt og her er scoren heilt oppe i 5,88 medan den er 4,97 i regionen og 4,92 på landsbasis.

Åpningstidene scorar også Uskedalsbutikken høgt på, nemlig 5,77, likeeins på god varekunnskap (5,46), kvaliteten på frukt og grønnsaker (5,06), utval av frukt og grønt (5,19) og reinsleghet og hygiene (5,62).

Lågast score får SPAR Uskedalen på spørsmålet om konkurransedyktigheit samanlikna med andre alternativ, men også her når butikken opp i 4,36 og ligg langt framom gjennomsnittet for Vestlandet og landet.

SPAR Uskedalen hadde i fjor ein netto omsetnad på 22 millionar. Butikken har sju tilsette på full tid og tre på deltid.

Av Ola Matti Mathisen